

Eidfjord SV

– Ei stemme for framtida!



For dei mange
– ikkje for dei få

Eidfjord for dei mange

Eidfjord SV har som mål at me skal ha eit sosialistisk demokrati. Tufta på rettferd, framtidsretta forvaltning av ressursar, miljø og klima. Folkestyre og solidaritet, der forskjellane er små og me reduserer fattigdom. Utvikle ein grøn politikk til beste for samfunnet, klimaet og det biologiske mangfaldet. Dei viktigaste tenestene som skule, barnehage og helse og omsorg, skal vere eit offentleg ansvar. Alle skal vere likestilte, med same løn for same arbeid, tilnærma lik representasjon i styrer og utval, like pensjonsvilkår og like moglegheiter. Respekt for at me alle er ulike og kjem frå ulike samfunn, grupper, etnisitetar, kjønn og religionar, og at alle skal ha dei same rettar og få lik behandling.

SAMFERDSLE

Eidfjord SV vil at:

- Eidfjord sentrum skal leggjast til rette for aukande turisme. Til dømes med gangbruer og gjerder over og ved hovudvegen, og tilstrekkeleg med toalettfasilitetar i og rundt sentrum.
- Det vert lagd til rette for bussparkering med toalettanlegg på Kjærøyna.

NÆRINGS LIV

Eidfjord SV vil at:

- Kommunen legg ein plan for berekraftig utvikling av turismen, i samarbeid med det lokale næringslivet.
- Oppretta eit politisk utval som skal rettleie næringslivet mot ei meir berekraftig utvikling.
- Alle arbeidstakarar i Eidfjord har kontrakt, får rett løn og har arbeidsforhold som fylgjer lovgivinga.
- Alle næringsdrivande i Eidfjord har like vilkår, rettar og vert behandla likt.
- Næringsdrivande med fast bustad i Eidfjord kommune skal prioriterast.
- Normen i Eidfjord kommune er heile faste stillingar.

INTEGRERING

Eidfjord SV vil at:

- Eidfjord skal bli flinkare til å ta imot og hjelpa alle som buset seg i bygda, både i etableringsfasen og det sosiale livet.
- Kommunen skal ha ein integreringsansvarleg.

HELSE

Eidfjord SV vil at:

- Kommunen opprettheld tilrettelagde aktivitetstilbod til dei eldre, både for dei som bur heime og på institusjon.
- Ambulansestasjonen i Eidfjord skal bestå som no.

BARNEHAGE OG SKULE

Eidfjord SV vil at:

- Bemanninga i barnehagen skal fylgje normene i heile opningstida.
- Eidfjord innfører heildagsskule for å utjamne sosiale ulikskapar og gje alle eit godt utgangspunkt.
- Kommunen innfører 100% gratis skulemat.
- Barn og unge skal prioriterast og tilførast nødvendige ressursar.
- Ha redusert pris i barnehage og SFO.
- Kulturskulen skal ha nok midldar til oppretthalde god kvalitet.

DEI UNGE

Eidfjord SV vil:

- Samarbeide og lytte meir til kva dei unge ynskjer og er opptekne av, gjennom til dømes ungdomsrådet.
- Jobbe for å bevare eit aktivt ungdomsråd.
- Jobbe for å oppretthalde dei møteplassane og aktivitetane for unge me har, og etablera nye.



ANETT VIVELÍ

LISTETOPP OG ORDFØRARKANDIDAT

- Einaste kvinnelege ordførarkandidat.
- Engasjert i Eidfjord si framtid.
- Er for betre kontroll med turismen og ynskjer betre tilrettelegging i sentrum.

NATUR OG MILJØ

Eidfjord SV vil at:

- Kommunen skal gje tilskot til miljøvenlege energiltak for private.
- Ostangen som park vert utvida og utbeta.
- Det vert stilt krav til at utbyggjarar av hytter, legg til rette for utleige.
- Kommunen sikrar og opprettheld naturstiar.
- Det vert bygd nok toalettanlegg til å dekkje behovet, fleire stader i kommunen.
- Verne og byggje opp om villreinsstamma.
- Det vert tilrettelagd for resirkulering for hyttefolk og turistar.
- Ha landstrøm for cruisebåtane snarast råd.
- Eidfjord kommune seier klart nei til vindkraft.
- Eidfjord kommune seier klart ja til oppgradering av vasskraftanlegg.

TURISME

Eidfjord SV vil at:

- Eidfjord skal ha ein tidfesta plan for turismen.
- Behalda verdiane i Eidfjord.
- Me skal bli meir selektive.

VALLISTE EIDFJORD SV

1. ANETT VIVELI
2. BJØRN KÅRE ENGSETH
3. GRETE NÆSS
4. JØRAN TVEDT
5. Frida Orellana Vinge
6. Sebastian Orellana Vinge
7. Marete Sæbø
8. Ingrid Engseth
9. Petya T, Engseth
10. Lillian Høyvang Andreassen



Meld deg inn i SV!
Send SMS med
INNMELDING <din e-post>
<ditt namn> <adressa di>
til 2090 (100 kroner)

Vestland SV
St. Jakobs plass 9
5008 Bergen
vestland@sv.no
sv.no/vestland